

Emnerapport 2013 vår

Noli 250/noli 210L Litterær analyse og teori: Samtidslitteratur.

Faglærers vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring:

Kurset vart gjennomført med 8 forelesingar på 3 timar kvar. Studentane gir positive tilbakemeldingar på denne måten å strukturera undervisninga.

Emneansvarleg heldt alle forelesingane.

Kurset var eit tilbod til studentar på 200-nivå, og vart gjennomført både av studentar i ordinært bachelorprogram og studentar som går på lektorprogrammet.

Studentane har på bakgrunn av pensum og forelesingar utvikla sjølvstendige prosjekt og skrive semesteroppgåver som dei har fått rettleiing på. I tillegg vart det gjennomført munnleg eksamen (studentar med emnekode 210L skriv berre semesteroppgåve).

Studentane vart i tillegg oppmoda til å halda ein kort presentasjon av ein valfri pensumtekst for resten av gruppa. Dette fungerte godt.

Kurset skal fungera som eit masterførebuande emne, det vart difor lagt vekt på at studentane skal læra å tenkja og arbeida sjølvstendig. Både på forelesing og rettleiing har det vorte lagt vekt på arbeidet med å finna relevante kjelder, utvikla og formulera problemstilling samt formelle, stilistiske, strukturelle og tekniske aspekt ved oppgåveskriving.

Studieinformasjon:

Informasjon om dette kurset var å finna på instituttet sine nettsider. Det vart også gitt informasjon på orienteringsmøtet i byrjinga av semesteret.

Pensumliste og semesterplan var tilgjengeleg på nettsidene før semesterstart.

Tilgang til relevant litteratur:

Den skjønnlitterære delen av pensum, samt kompendium var tilgjengeleg på Studia ved semesterstart. I tillegg vart enkelte tekstar tilgjengeleg på Mi Side gjennom semesteret.

Studentane hadde høve til å gjera individuelle endringar på pensumlista, dette vart gjort i mindre grad.

Faglærers vurdering av rammevilkår

Lokale og undervisningsutstyr:

Forelesingane vart gjennomført på Sydneshaugen skule, dette fungerte fint. Forelesar nytta tidvis powerpoint og tidvis støtteark i undervisninga, desse vart tilgjengeleg på mi side etter forelesing.

Faglærers kommentar til student-evalueringa

Det vart gjennomført ei på semesterets siste forelesing. Studentane vart også oppmoda om å koma med innspel direkte til faglærer dersom det var emne skjemaet ikkje gav rom for å kommentera.

Oppsummering av innspel:

Studentane ser ut til å vera nøgde med kurstilbodet.

Fleire meiner at kursets omfang er for stort og ynskjer meir undervisning/oppfølging. Faglærer meiner dette kan løysast med å leggja opp til, og leggja til rette for, meir studentdrivne aktivitetar som til dømes kollokviegrupper og skrive/responsgrupper. Aktivitetane kan også verta følgt opp av faglærer.